

GO`MORGON NORDHORDLAND

TIPS OSS 916 20 916

E-post: redaksjonen@nordhordland.no

• Kvernhushaugane 12, Knarvik senter, 5914 Isdalstø • Tlf. 56 35 55 55



Skal du annonse?
Ta kontakt med marknadsavdelinga:

Kurt Grindheim

kurt.grindheim@amedia.no Tlf. 416 12 002

Roar Kjetil Mikkelsen

roar.mikkelsen@nordhordland.no Tlf. 902 00 035

Torbjørn Dalland

torbjorn.dalland@amedia.no Tlf. 902 01 680

Åpningstider:

Måndag til fredag 08.00 - 16.00

redaksjonen@nordhordland.no • Kjem ut onsdag og lørdag

VI MEINER

Nostalgi og kulturhistorie

«Og når han so ikkje lenger går - då gret dei bymann og bonde».

Strofa er frå Ivar Medaas sin legendariske låt «Dar kjem dampen», som dei fleste nordhordlendingar har eit forhold til. Og kanskje i nettopp dette sitatet ligg noko av forklaringa på suksessen til Fjordsteam i helga; Dampen går ikkje lenger. Det begynner det riktig nok å bli lenge sidan den gjorde, men mange hugsar den og vaks opp med den. På strilelandet var dampbåtane heilt avgjerande for kommunikasjonen inn til by'n, og båtane spelte også ei stor rolle for Bergen og var eit fast innslag i bybildet. Dess lengre tid det går, dess sterkare blir kjærleiken.

Derved blir det ein uslåeleg kombinasjon av kulturhistorie og nostalgi når Fjordsteam samlar 70 veteranbåtar slik dei gjorde i helga. Båtane tok på folk langs vegen og samla seg i konvoi inn Vågen. Det meste låg til rette for folkefest. Og det blei det også. Ifølgje uoffisielle besøkstal skal rundt 70.000 har vore tilstades i Vågen i løpet av helga. Det er fantastiske tal.

Kor mange av desse som er fra vårt distrikt veit vi ikkje, men mange tok turen både frå nord og sør. Nordhordland har definitivt vore med og setta sitt preg på denne festen.

Nordhordland har definitivt vore med og setta sitt preg på denne festen. Men denne festen hadde ikkje vore mogleg å få til utan alle dei hundrevis av eldsjelene som står på året rundt for å halde desse båtane i tipp-topp stand. I laurdagsavisa kunne du lese om DS «Oster», som vi besøkte i Bergen fredag. Berre denne båten har eit mannskap på 20 frivillige og rundt 50 aktive medlemmer står på året rundt for å ta vare på kulturhistoria. Slik er det for dei fleste andre båtane også som viste seg frå si beste side under Fjordsteam.

Berre nokre få frivillige blir løfta fram med namn og bilde i avisa, men her fortener alle som bidrar ein hyllest. Utan dykk hadde ikkje helgas arrangement vore mogleg å gjennomføre. Takk for innsatsen!

”

Nordhordland har definitivt vore med å sett sitt preg på denne festen.



Nh ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utval, Rådhusgt. 17, pb.46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22405040, e-post: pfu@np-nr.no.

Nh tar unna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form – anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikke tillate utan etter avtale med Nh.

Nh ønskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utval, Rådhusgt. 17, pb.46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22405040, e-post: pfu@np-nr.no.

Nh tar unna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form – anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikke tillate utan etter avtale med Nh.

Saknar du ei due eller to?

Alf Strand har fått besök av to duer som er merka og verkar tamme, og lurer på om det er nokon som saknar duene sine.

MORTEN SÆLE
morten.saele@nordhordland.no

- Den siste veka har to duer vore på besök i Amundsbotn i Masfjorden, skriv han i ein e-post til Avisa Nordhordland.

Begge duene er merka.

- Den eine har kvit lapp på høgre fot og blått merke på den venstre. På det kvite merket står det svarte tal eller bokstavar, skriv Strand.

Han fortel at duene ikkje verkar redde for folk.

- Berre når du kjem ganske nær, trekker dei seg tilbake, fortel han, og ser gjerne at duer og eigar vert gjenforent.

- Viss det er nokon som saknar eit par duer, så må dei ta kontakt, seier Strand.



DUEBESØK: Viss det er nokon som saknar eit par duer, så må dei ta kontakt, seier Alf Strand i Masfjorden.

FOTO: ALF STRAND

Uvanleg syn på Solheim

Han fortel at den eine dua bur meir eller mindre i garasjen hans.

- Den går i alle fall inn der og skit, seier han med eit smil.

- Elles går dei litt rundt omkring, dei har ikkje gått i lag i heile tida.

Han har prøvd å få eit glimt av kva som står på ringane, men har ikkje lukkast.

- Eg klarer ikkje tyde det på avstand. Eg har prøvd å fange dei, men dei hoppar til sides når eg kjem nær. Det er tydeleg at dei er vande med folk, dei går rundt her og stig, fortel han.

Om du saknar to duer og trur dette kan vera dine, kan du ta kontakt på Avisa Nordhordland sin tipstelefon, 916 20 916, så skal vi formidla kontakt med Strand.

Vi skal få ein varm august

Sesongvarselet for august er gode nyheter, i alle fall for dei som likar varmt og tørt vêr.

BIRTHE STEEN HANSEN / BA
redaksjonen@nordhordland.no

I juni kunne klimaforskarane ved Bjerknessenteret melde at juli-vêret ville bli varmt og tørt for heile Sør-Norge.

No når vi har fasiten, kan vi konkludere med at dei avanserte vêrvarslingsmodellane trefte blink. Det har aldri vore ein varmare og tørrare sommar og vêrekordane har stått i kø.

Bergen sette ny varmerekord med 32,2 grader og i resten av landet har det gjennom somaren vore rekord i tal vêrekordar:

■ 40 dagar med tropetemperatur

■ Varmaste mai nokosinne

■ Varmerekordar over heile landet

■ Nedbørsrekord i Nord-Norge

■ Varmerekord i Troms

Og så vidare, og så vidare ...

Varmen har gledd mange, men også forårsaka fortvilning for bønder som frykta for avlingane, for kommunar som fekk akutt mangel på drikkevatn og for brannvesenet som innførte totalforbod mot bruk av open eld pga. skogbrannfare.

Varmen held fram

Det nyaste sesongvarselet for august viser at varmen held fram. Og denne gangen kan heile landet nyte godt av finvêret, ifølgje prognosene.

Modellane gir eit samrøystes signal om ein varm august, og då særleg i Sør-Norge. Når det gjeld nedbøren, indikerer modellane at det skal bli noko tørrare enn normalt i heile landet utanom kysten av Nord-Norge, heiter det på

Sesongvarsela baserer seg på vêrmodellar som vert produsert av forskarar i Den europeiske vêrvarslinga, Storbritannia, Frankrike og USA. Den amerikanske modellen vert oppdatert dagleg og gir difor dei nyaste prognosane.

Sjølv om modellane er noko ueinige om kor mykje varmare det blir, er alle samstemte om at det vil bli høgre temperaturar enn normalt. Også september ser ut til å bli noko varmare, medan det i forhold til nedbøren er noko usikkert.



Camilla Aasen Bøe
Journalist
camilla.aasen@nordhordland.no
472 88 004



Irene Bratteng Fossheim
Journalist
irene.fossheim@nordhordland.no
415 30 178



Trond Roger Nydal
Redaktør
trond.nydal@nordhordland.no
488 91 138



Morten Sæle
Journalist/fotograf
morten.saele@nordhordland.no
415 30 179



Yngve Garen Svardal
Journalist
yngve.svardal@nordhordland.no
415 30 177

Fjordsteam blei

70 veteranbåtar frå nord og sør tok turen til by'n. Ombord og på land var folk samla som sild i tønne. Fjordsteam 2018 blei ein kjempesuksess.

TROND ROGER NYDAL
trond.nydal@nordhordland.no

Det er ei blanding av kulturhistorie og nostalgi. Når gamle veteranbåtar tar turen til by'n og inviterer til folkefest lar verken stril eller bymann seg be to gonger.

Uoffisielle besøkstal viser at heile 70.000 menneske

besøkte Vågen i Bergen under helgas Fjordsteam, ifølge BA. Som vi ser på bildene var det smekk fullt av folk på Bryggen som var avstengt for biltrafikk.

Ekstra kjekt er det at Nordhordland, med både båtar og folk, har bidratt sterkt til veteranbåtfesten.

På desse sidene gir vi deg nokre bildeglimt av festen.



TRENGSEL: Det var smekk fullt av folk både langs kaien og ombord i båtane.



OSTER: DS Oster blei bygd i 1908. Denne dampen blei bygd for å bryte seg gjennom tjukk is. Kjelde: 61 veteranbåtar på Vestlandet av Harald Sætre.



FANTASTISK SYN: Hitra, Oster og Granvin sig innover Vågen. Ikkje eit cruiseskip er å sjå.



SUNNHORDLAND: MS Sunnhordland blei bygd i 1943. Den gjekk i rutefart mellom Bergen og Sunnhordland. Kjelde: 61 veteranbåtar på Vestlandet av Harald Sætre.



VESTGAR: Vestgar gjekk dei nordlegaste rutene i Øygarden med endestopp i Nordøysund. Den blei bygd i 1957.

kjempesukses

Du kan sjå fleire bilder og lese meir på vår nettside; www.nordhordland.no. Der kan du mellom anna bli med ombord på historiske DS Oster og lese om korleis dei frivillige jobbar året rundt for å halde gamle dampen i tipp-topp stand. Og etter ei slik helg, kva passa vel betre enn å sette punktum med Ivar Medaas? Her er starten på «Dar kjem dampen»:

*Ve' Bryggja i Bergen dar ligg dar ein båt
so blånpust å fin at han lyse,
me' sjikkelæ maste å pipa me' låt,
å mange slags vare han hyse.*

*Dar kjem dampen
gamle dampen
tak på deg triskona å spring
Dar kjem dampen
gamle dampen
plingelingelingelingeling*



FOTO: SKJALG EKELAND



POSTKORTMOTIV: Her ser du båten Parat i fantastiske omgjevnader.



STRILAGUT: Her ser du Strilagutt på Fjordsteam.



ANKOMST: Innseglinga til Vågen blei ei nydeleg oppleveling. DS Oster var ein av dei 70 veteranbåtane som kom inn.

FOTO: LINDA HILLAND



STAVENES: DS Stavenes blei bygd i 1904.



Skulestart

LINDÅS: Grunnskulane i Lindås kommune startar opp att etter ferien torsdag 16. august 2018. Oppmøtetid- og stad varierer frå skule til skule. Meir informasjon om første skuledag er å finne under siste nytt på heimesida til skulane eller i informasjonsskriv som vart sendt ut frå skulen før ferien.



Besøksheimar

MELAND: Barneverntenesta i Meland kommune søker to besøksheimar. Den eine besøksheimen er til to sysken i alderen 10 - 14 år ei helg per månad. Heimen bør ha to vaksne, og vere utan mindreårige barn. Den andre besøksheimen er til eit barn på 6 år ei helg per månad. Familien kan bestå av ein eller fleire vaksne. Eventuelt søker kommunen «besteforeldre» for barnet. For begge familiene må den/dei vaksne vere stabile og trygge, med tid og engasjement for barn med særskilde behov.



Kystsogevekene

RADØY: I år opna Kystsogevekene allereie 4. august med Fjordsteam i Bergen. Offisiell opning av Kystsogevekene i Radøy vert søndag 12. august kl. 12.00 ved Toskavegen. Der vert det musikk og aktivitetar på land og på sjøen etterfulgt av ein guida tur på Toska med Kristoffer Toska.



I BAKSETET: Thalia ligg trygt på mamma Inghild Dyrknes Karlsen sitt bryst, berre minutt etter at ho vart født i 110 km/t. Her hadde dei nettopp kome fram til Haukeland, og venta på at jordmora skulle klippe navlestrenget.

FOTO: PRIVAT



FARTSIDUNDER: Fire dagar gamle Thalia Dyrknes Karlsen kom til verda på ein litt spesiell måte. - Ho later som ingenting har skjedd, seier pappa Tor Eivind.

FOTO: IRENE BRATTENG FOSSHEIM



LYKKE: - Når alt ender så bra er det berre gøy. Vi er veldig takksame for at det gjekk så bra, seier Inghild.

FOTO: PRIVAT

Thalia vart fødd i Fløyfjellstunnelen i 110 km/t: Mamma Inghild tok

- Vi hadde ikkje i vår villaste fantasi sett for oss at det vart fødsel i bilen, men når alt ender så bra er det berre gøy.

IRENE BRATTENG FOSSHEIM
irene.fossheim@nordhordland.no

Dei seier dei stolte foreldra, Tor Eivind Karlsen og Inghild Dyrknes Karlsen frå Austrheim. Trygt i fanget til mamma ligg fire dagar gamle Thalia, heilt uvitande om at ho kom til verda på ein heilt spesiell måte.

- Dette vert ei morosam historie å fortelje i konfirmasjonen, ler dei, medan dei ser ned på fartsvidunderet.

Ville sitte framme

Frå før har paret storebror Tindre (3) saman, medan Tor Eivind òg har sonen Gabriel (10). Dette var altså Inghild sin andre fødsel, noko ho er sjeleglad for.

- Takk Gud for at dette ikkje var min første fødsel - då hadde eg nok opplevd situasjonen som meir skummel, seier ho.

Då ho fødde Tindre gjekk det også forholdsvis kjapt. Fem timer etter at ho kjende første teikn til fødsel, kom guten til verda. Ho minnest bilturen som den verste delen av fødselen.

- Eg hugsar eg låg bak i bilsetet og heldt på å sparke ut taket. Eg hadde så ilt at eg skreik. Det var ein traumatiske køyretur på grunn av smertene. Då vi kom fram til sjukehuset var eg veldig letta, for då følte eg meg trygg. Eit par timer etter at vi kom til Haukeland, vart Tindre født.

På grunn av sin første fødselsoppleveling fortel Inghild at ho under heile graviditeten har vore oppteken av at bilturen ikkje skulle vera like smertefull, og planla at dei skulle køyre til sjukehuset i god tid.

- Eg tenkte at eg måtte då kunne klare å sitte i framsetet, slik alle andre fødande gjør.

La seg i baksetet

Men slik vart det ikkje; Dagen før termin, førre fredag, starta først heilt roleg - før den utvikla seg til noko heilt anna enn roleg.

- Klokka 08.45 kjende eg litt nedpress. Den same kjensla



kom jamleg, men var ikkje så veldig vondt - difor tenkte eg at vi hadde god tid. Vi åt frukost, Tor Eivind dusja og vi pakka det siste, før vi gjekk ut til bilen.

Akkurat då dei skulle setje seg i bilen, nøyaktig ein time etter første fødselsteikn, fekk Inghild plutselig akutte smerten, og tanken om å sitja i framsetet vart uaktuell.

- Då var det så vondt at eg vart forbanna på Tor Eivind fordi han ikkje hadde fjerna bilstolen. Eg freste «få det der vekk, her skal eg inn», seier Inghild lattermild.

No kjem hovudet!

Inghild la seg i baksetet, medan Tor Eivind starta den 25 minutt lange turen mot Haukeland.

Endå var det ingen av dei som trudde vesle Thalia hadde så hastverk.

- Eg tenkte for meg sjølv at «no vert det same dritten som sist, med store smerter på bilturen og same traumatiske oppleving», minnest Inghild.

I motsetning til førre gong, gjekk alt enno kjappare no. Plutselig kjende Inghild at ho måtte presse.

- Eg skjønte likevel ikkje at fødselen var nokre minutt unna, men på press tre kjendest det ut som ein eksplosjon, og at noko var på veg ut. Eg fekk av meg buksa, og på neste rie kom heile hovudet ut. Eg kjente det sjølv, fortel Inghild.

- Eg skreik til Tor Eivind «no er hovudet ute, men det kjem